

LOV FOR SOGN OG FJORDANE ORIENTERINGSKRINS

Sist endra 28. januar 2024.

§ 1 Formål

Sogn og Fjordane Orienteringskrins sitt formål er å arbeide for utviklinga av *orienteringsidretten* innan krinsen, og å fremje samarbeidet med idrettslaga. Krinsen skal yte støtte til *Norges Orienteringsforbund (NOF)* i alle spørsmål som gjeld *orienteringsidretten* innan krinsen. Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal bygge på dei verdiane som er vedtatt av Idrettstinget.

§ 2 Organisasjon

- (1) Orienteringskrinsen vert oppretta, slått saman og løyst opp av NOF, som også fastset grensene for krinsen.
- (2) Orienteringskrinsen består av alle idrettslag innanfor krinsen sine grenser som er medlem av NOF og Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).
- (3) Gjennom NOF er orienteringskrinsen eit organisasjonsledd innan NIF.
- (4) For reglar om plikta orienteringskrinsen har til å overhalde regelverket og vedtaka til NIF og NOF gjeld [NIFs lov §§ 2-2](#) og [2-3](#).

§ 3 Oppgåver

Orienteringskrinsen skal:

- a) Representere og støtte NOF i saker knytt til orienteringsidrett.
- b) Stimulere til samarbeid mellom dei idrettslag som driv orienteringsidrett, også mellom nabokrinsar. Yte støtte til idrettskrinsen i spørsmål av felles interesse for fleire idrettar.

§ 4 Kontingentar og avgifter

- (1) Kontingentar og/eller avgifter vert fastsett av orienteringskrinstinget.
- (2) Skuldig kontingent/avgift fører til tap av møterett, røysterett og forslagsrett til og på krinstinget. Styret i orienteringskrinsen kan tilrå overfor NOF at lag som skuldar kontingent eller avgift for meir enn eitt år mistar sin medlemskap i NOF.

§ 5 Kjønnfordeling

For reglar om kjønnfordeling i styre, utval m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd gjeld [NIFs lov § 2-4](#).

§ 6 Reglar om røysterett, valbarheit og forslagsrett m.m.

For reglar om røysterett, valbarheit og forslagsrett gjeld § 12 og [NIFs lov §§ 2-5, 2-6, 2-7](#).

§ 7 Inhabilitet

For reglar om inhabilitet gjeld [NIFs lov § 2-8](#).

§ 8 Vedtaksførleik, fleirtalskrav og protokoll

For reglar om vedtaksførleik, fleirtalskrav og protokoll gjeld [NIFs lov § 2-9](#).

§ 9 Refusjon av utgifter og godtgjersle

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjersle gjeld [NIFs lov § 2-10](#).

§ 10 Rekneskap og revisjon m.m.

For reglar om rekneskap og revisjon m.m. gjeld [NIFs lov §§ 1-7, 2-11, 2-13](#) og [2-14](#).

§ 11 Orienteringskrinstinget

- (1) Orienteringskrinstinget er det høgaste myndet i orieneteringskrinsen, og det vert halde årleg innan utgangen av mars.
- (2) Ordinært og ekstraordinært orieneteringskrinsting vert gjennomført i samsvar med denne lova og [NIFs lov §§ 2-15, 2-17, 2-19, 2-20](#), samt [2-16](#), som handlar om fristar ved ordinært krinsting.

§ 12 Møterett, talerett, forslagsrett og røysterett

- (1) Rett til å fremje forslag til orieneteringskrinstinget:
 - a) Styret
 - b) Eit idrettslag med representasjonsrett
 - c) Komité/utval med møterett, i saker som ligg innanfor arbeidsområdet deira
- (2) Møterett, talerett, forslagsrett og røysterett på orieneteringskrinstinget:
 - a) Styret
 - b) Representantar frå idrettslaga etter følgjande skala:

For medlemstal til og med 15:	1 representant
For medlemstal frå 16 til og med 30:	2 representantar
For medlemstal frå 31 til og med 59:	3 representantar
For medlemstal over 60:	4 representantar

Fire representantar er det høgaste talet eit lag kan ha med røysterett på tinget.

Representasjon vert rekna etter tal medlemmar knytt til orieneteringsidretten per siste idrettsregistrering, og vert meld organisasjonen samstundes med innkallinga til krinstinget.

For representasjonsrett for idrettslag gjeld [NIFs lov § 10-3 \(1\)](#). Dette er avgrensa til idrettslag innanfor krinsen sine grenser.

Reiseutgiftsfordeling kan nyttast.

- (3) Møterett, talerett og forslagsrett på orieneteringskrinstinget i saker som ligg innanfor arbeidsområdet til utvalet/komiteen:
 - a) Medlemmar av kontrollutvalet
 - b) Medlemmar av valkomiteen
 - c) Leiarane i tingvalde utval/komitear, eventuelt nestleiar eller medlem i dei fall leiar er hindra frå å møte
- (4) Møterett og talerett på orieneteringskrinstinget:
 - a) Representant frå NOF og NIF
 - b) Ev. engasjert revisor, i saker som ligg innanfor arbeidsområdet til revisor
 - c) Andre inviterte som vert gjeve møte- og talerett

§ 13 Oppgåvene til orienteringskrinstinget

Oppgåvene til orienteringskrinstinget:

1. Godkjenne dei frammøtte representantane
 2. Velje dirigent(ar)
 3. Velje protokollførar(ar)
 4. Velje to representantar til å skrive under protokollen
 5. Godkjenne forretningsorden
 6. Godkjenne innkallinga
 7. Godkjenne saklista
 8. Handsame årsmeldinga for krinsen, medrekna årsmeldingar frå tingvalde organ
 9. Handsame
 - a. rekneskapen til krinsen
 - b. den økonomiske meldinga frå styret
 - c. meldinga frå kontrollutvalet
 - d. eventuell melding frå engasjert revisor
 10. Handsame saker som kjem fram av godkjend sakliste
 11. Fastsetje kontingent og avgifter
 12. Handsame planar og budsjett
 13. Gjere følgjande val:
 - a. Krinsstyre med leiar og nestleiar, 2-4 styremedlemmar, og 1-3 varamedlemmar. Innanfor intervallet vedtar orienteringskrinstinget sjølv talet på styremedlemmar som skal veljast det einskilde år.
 - b. Kontrollutval med leiar, ein medlem og ein varamedlem
 - c. Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der krinsen har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantane
 - d. Valkomité med leiar, ein medlem og ein varamedlem
- Leiarar og nestleiarar veljast enkeltvis. Dei andre medlemmane veljast samla. Deretter vel ein varamedlemmane samla. Der fleire varamedlemmar vert valde, skal ein velje 1. varamedlem, 2. varamedlem osv.
14. Ev. avgjere om ein skal engasjere revisor til å revidere rekneskapen til krinsen.

For reglar om røystegjevinga på krinstinget gjeld [NIFs lov § 2-21](#).

§ 14 Styret i orienteringskrinsen

- (1) Styret leiar og forpliktar orienteringskrinsen, og er det høgaste myndet i kringen mellom orienteringskrinstinga.
- (2) Styret i orienteringskrinsens skal:
 - a) Sette i verk vedtak frå krinstinget
 - b) Nemne opp representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda kringen har representasjonsrett i når krinstinget har gjeve slik fullmakt
 - c) Utnemne utval, råd og komitear etter behov samt utarbeide mandat/instruks for desse
 - d) Leie den daglege drifta i kringen, sjå til at eigne og overordna regelverk vert fylgde, representere kringen utetter og utøve fagleg mynde innan grensene for kringen
 - e) Førebu og arrangere krinsting og ev. lagmøte
 - f) Sjø til at kringen får naudsynte inntekter og tilskot
 - g) Sjø til at kringen sine middel vert nytta og forvalta på forsvarleg vis i samsvar med dei vedtak som er fatta på krinstinget eller av overordna organisasjonsledd, og syte for at kringen har ei tilfredsstillande organisering av rekneskapsfunksjon, og ei forsvarleg økonomistyring
 - h) Sende føreskrivne rapportar til overordna organisasjonsledd og andre innan fastsette fristar
 - i) Utarbeide terminliste og sjå til at krinsmeisterskap (og ev. distriktsmeisterskap) vert halde
 - j) Godkjenne orienteringsløp og løpsdatoar, nemne opp tekniske delegerte (TDar) og jurymedlemmar i kringen
 - k) Utvikle organisasjon og aktivitetstilbod i kringen (t.d. krinslag). Syte for gjennomføring av vedtatte planar
 - l) Syte for utdanning innan orienteringsidretten i samsvar med planar frå NOF
 - m) Gje fagleg støtte ved planlegging og utarbeiding av orienteringskart, godkjenne desse, samt avklare fordeling av terreng
 - n) [Andre oppgåver for styret]
- (3) Styret skal halde møte når leiaren fastset det, eller minst to av medlemmane i styret krev det.

§ 15 Kontrollutval og valkomité

- (1) For reglar om kontrollutvalet gjeld [NIFs lov § 2-12](#).
- (2) For reglar om valkomiteen gjeld [NIFs lov § 2-18](#).

§ 16 Alminnelege disiplinærtiltak, sanksjonar og straff

For alminnelege disiplinærtiltak, sanksjonar og straff gjeld regelverket til NIF og regelverk gjeve av NOF.

§ 17 Avtaler og samarbeid mellom orienteringskrinsen og næringslivet

For reglar om avtaler og samarbeid mellom orienteringskrinsen og næringslivet gjeld [NIFs lov kapittel 13](#) og regelverk gjeve av NOF.

§ 18 Marknads-, medie- og arrangementsrettane til idretten

For reglar om marknads-, medie- og arrangementsrettar gjeld [NIFs lov kapittel 14](#) og regelverk gjeve av NOF.

§ 19 Lovendring

For reglar om lovendring gjeld [NIFs lov § 2-2](#).

§ 20 Oppløysing

Orienteringskrinsen kan berre løysast opp av NOF. Ved oppløysing eller anna opphøyr av krinsen går overskytande middel i krinsen etter avvikling til eit formål godkjend av NOF.